

Fra: Samferdselavdelinga - Postmottak (samferdsel@hfk.no)
Sendt: 17.12.2015 10:11:10
Til: Inge Edvardsen
Kopi:

Emne: VS: Høyringsuttale - Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen
Vedlegg:

Fra: Anny Bastesen [mailto:Anny.Bastesen@meland.kommune.no]
Sendt: 16. desember 2015 20:38
Til: Samferdselavdelinga - Postmottak
Emne: Høyringsuttale - Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen

Hordaland Fylkeskommune, Samferdselsavdelinga

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2763 - 15/22385

Saksbehandlar:
Anny Bastesen
anny.bastesen@meland.kommune.no

Dato:
15.12.2015

Høyringsuttale - Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen

Viser til høyringsbrev med uttalefrist 18.12.2015.

Innleiingsvis vil vi påpeike at Nordhordlandsbrua er ein del av europavegnettet, medan beredskapsanalysen omtaler brua som ein del av riksvegnettet. Det går ikkje fram kven som har ansvaret for Nordhordlandsbrua (og Sotrabrua) i kapittel 1.2.1 og 1.2.2, kun Askøybrua og Osterøybrua er nemnt.

Vidare vil vi peike på at Nordhordlandsbrua held fram i Hagelsundbrua (europaveg). Eit eventuelt brot i Hagelsundbrua har minst like store konsekvensar for trafikkavviklinga på E39 som brot i Nordhordlandsbrua.

Når det gjeld ÅDT og analyse av trafikkmengden ved evt. uønska hending, peiker Sotrabrua seg ut med flest køyretøy. Det er små skildnader mellom Askøybrua og Nordhordlandsbrua (2013-tal). Likevel er ikkje Nordhordlandsbrua nemnt i vedlegg 3, som handlar om fysisk øydelegging av kritisk infrastruktur. E39 sin betydning for transporten langs kysten er av ein annan karakter enn Sotrabrua og Askøybrua sin betydning lokalt / regionalt. Nordhordlandsbrua (medrekna Hagelsundbrua) må inn i vedlegg 3. Det fins ikkje akseptable omkøyringsvegar.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi til:

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune,
Samferdselsavdelinga